

## Kjære lesar

Heilt sidan eg tok til i jobben som Industrikonsulenten på Osterøy har eg tenkt på at eg må få til god kontakt med medlemmane i Industrilaget, og andre me jobbar tett med. Det kan sjølvsagt gjerast på mange måtar, men eg ynskjer no å starte med ei prøveordning med nyheitsbrev. -Og her kjem altså fyrste utgåva. Industrikonsulentene og Industrilaget har mange forskjellige oppgåver, noko dette fyrste nyheitsbrevet óg viser. Eg nyttar dette fyrste nyheitsbrevet til ei større oppsummering og kan ikkje love at det vert like mange saker i nyheitsbrevet framover, men eg vil fokusere på dei sakene som har mest allmenn nytte for medlemmane. *Helsing Industrikonsulentene.*

*Kom gjerne med kommentarar/forslag til saker - faste eller eingongssaker som vi bør vurdere å ta med i eit Nyheitsbrev.*

*Og ta gjerne kontakt om det er saker du vil høyra meir om.*

## Saker i denne utgåva

Kurs, arrangement og nyttige linkar	1
Møter	1
Besøksrunde med rådmannen	2
Samfunnsplanen til Osterøy Kommune	2
Massehandteringsplan (K5) -deponi og innspel til seinare bruk av masser	2
Greensight	2
Katapult/Omstillingsmotoren	2
Godsterminal i tunnel	3
Bedriftsrådgeving og Etablererrådgeving/NAV	3
NOKUT sakkunneige for Fagskuleutdanning i Mekanisk Automatisering	3
Hospitering hos Fylkeskommunen	4
Regionrådsleiermøte	4
Generelle førespurnader (Truckførarkurs, arbeidsplass med lønstilskot frå NAV, foredrag osv.)	4
Foredrag på Vestlandskonferansen for fagskulane	4

## Kurs, arrangement og nyttige linkar

### Truckførarkurs

Frå LTS Maskin har me fått tips om at det vert arrangert truckførarkurs hos dei, og at det er nokre plassar ledig slik at andre kan melde seg på.

- Truckførarkurs der praksis er inkludert (ferdig sertifisert etter kurset)
- Måndag 5 mars til onsdag 7 mars hos LTS Maskin på Lone
- Måndag kl.16-22, tysdag kl.16-22, og på dagtid onsdag.  
(-viss mange deltakara kan det verte nødvendig med praksis for enkelte på dagtid tysdag, men tilpassast då best mogleg for deltakarane)
- Arrangør er LTS Maskin og kurshaldar er Still.
- LTS Maskin stiller med møtelokale, trucker og enkel bevertning
- Pris per deltakar er kr. 5000,- (inkl. pensumbøker og kursbevis.
- **NB!** 5 plasser ledig
- Interesserte må ta kontakt [jan-david@ltsmaskin.no](mailto:jan-david@ltsmaskin.no) på epost, eller 45 91 40 63 på telefon **innen onsdag 28 februar.**

### Møter

Det vert møte i Styringsutvalet for Industrikonsulentene fredag 23 februar 2018.

Så kjem eit styremøte i industrilaget før Årsmøte/medlemsmøte i mars. Meir om Årsmøtet/medlemsmøtet kjem seinare.

## Besøksrunde med rådmannen

I høve at både rådmannen og Industrikonsulenten er forholdsvis nye på øya, har me vorte einige om at det kan vere på sin plass med ei felles besøksrunde til medlemsverksemdene i Osterøy Industrilag.

Vi rekk nok ikkje å besøke alle medlemene, men me vil freiste å velje ut og besøke mange nok til å ha eit tverrsnitt av dei forskjellige type verksemdar og bransjar.

Målet er å få ei overordna forståing for kva verksemdene «driv med», utfordringar, og moglegheiter dei ser. Vi må og få med oss suksesshistorier, og rett og slett ein god prat.

Interesserte medlemar må gjerne sjølv melde si interesse til Industrikonsulenten, men me vil og kontakta verksemdar på ein slik måte at vi kan få til det nemnde tverrsnittet.

Besøksrunda vil starte i mars 2018 og halde på ei stund framover våren.

## Samfunnsplanen til Osterøy Kommune

Industrikonsulenten har no vore brukt som ein av høyringsinstansane for kommunale planar, og i januar hadde Planavdelinga og Industrikonsulenten ein gjennomgang av eit utkast til Samfunnsplan.

-Då med hovudfokus på næringsutvikling som ein del av samfunnsutviklinga.

## Massehandteringsplan (K5) -deponi og innspel til seinare bruk av masser

Industrilaget har vore med å finansiert arbeidet med Massehandteringsplanen.

Og i januar hadde Industrikonsulenten møte med planavdelinga for å gå gjennom tidlegare innspel om massedeponi på Osterøy, og seinare bruk av masser i ymse utbetnings-/utbyggingsforslag som har vore presentert gjennom industrilaget.

I møtet framheva Industrikonsulenten kor viktig massehandteringsplanen for Osterøy (og andre kommunar) er for framdrifta av veg- og jernbaneutbygginga (K5).

## Greensight

[Greensight](#) (ei Greenstat verksemd) er eit analytisk konsulent og rådgivingselskap med fokus på dei store energiutfordringane.

Dei jobbar for tida med eit analyseprosjekt for Osterøy kommune der dei ser på omstilling til grøn energi. Dei ynskjer difor å koma i kontakt med industrien ettersom dei, på vegne av Osterøy kommune, jobbar med å kartleggje energiflyten i kommunen.

Det vil vere interessant å vite meir om energibruk innan i verksemdene (fossile kjelder, overskotsvarme, produksjons bi-produkt som kan nyttast, moglegheiter for energieffektivisering, osv.).

Greensight vil derfor ta kontakt med verksemdar for ein samtale i tida framover.

## Katapult/Omstillingsmotoren

Regjeringa sette i 2017 i gang to prosjekt som med litt forskjellig vinkling skal medverke til utvikling av nye produksjonsmetodar/-løysingar som mellom anna skal vere framtidretta/innovative, grønare og meir kostnadseffektive. Det eine og største prosjektet er Norsk Katapult som er organisert gjennom SIVA, det andre er Omstillingsmotoren som er organisert gjennom Innovasjon Norge. Katapulten var utlyst som ein konkurranse og av 38 søkarar var SINTEF Raufoss Manufacturing ein av vinnarane to vinnarar.


Og det fine for oss er at Osterøy Industrilag er ein av fleire samarbeidspartnarar til SINTEF Raufoss Manufacturing. På same måte er Osterøy Industrilag ein av samarbeidspartnarane til SINTEF Raufoss Manufacturing i Omstillingsmotoren. Me er altså med i begge prosjekta. Myndigheitene bidreg med 24 MNOK i Katapulten og 8 MNOK i Omstillingsmotoren, men for at me skal klare å hente ut noko av denne potten er vår node heilt avhengig av å få på plass ein finansieringsplan med eigenandel. Det betyr og at verksemdar som vert med i prosjekta må bidra økonomisk. Vår organisering har me gjeve arbeidsnamnet «Nettverksnode VEST».

**Osterøy Industrilag / Industrikonsulenten på Osterøy** – Rådhusplassen, 5282 Lonevåg

Mobil: +47 97 67 49 93 - Epost: [marton\\_ulstein@osteroyindustrilag.no](mailto:marton_ulstein@osteroyindustrilag.no) - Nettstad: [www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)

Du kan til ei kvar tid gje oss beskjed via epost om du ikkje ynskjer å få slike nyhendeskjerv frå oss.

Dette er eit samarbeid mellom Industriverksemdar i regionen, Kompetansesenteret for CNC og Robot / Osterøy Vidaregåande skule, Fagskulen i Hordaland og Høgskolen på Vestlandet. Industrikonsulenten er koordinator for denne noden, og kontaktledd til SINTEF Raufoss Manufacturing.



Dette er langvarige prosjekt og det vil kome meir informasjon og initiativ etter kvart som arbeidet tek form.

*I mellomtida kan du sjå meir om dette her:*

[Manufacturing Technology -Katapult](#)

[NCE Raufoss -Omstillingsmotoren](#)

## Godsterminal i tunnel



Industrikonsulenten nyttar «alle høve» til å fortsette å informera breiast mogleg blant politikara (i Regjering og Storting), faginstansar (Bane NOR, Vegvesen, Fylkeskommunen osv.)

Under Industrikonferansen på Gardermoen før jul fekk vi jamvel gitt rapporten (konseptutredninga frå Sweco) til Statsministerens ektemann -med oppfordring om å ha den på nattbordet og lese høgt for Statsministeren.

I veke 07-2018 vart konseptet og rapporten presentert for representantar frå Senterparti som sit i

**Osterøy Industrilag / Industrikonsulenten på Osterøy** – Rådhusplassen, 5282 Lonevåg

Mobil: +47 97 67 49 93 - Epost: [marton\\_ulstein@osteroyindustrilag.no](mailto:marton_ulstein@osteroyindustrilag.no) - Nettstad: [www.osteroyindustrilag.no](http://www.osteroyindustrilag.no)

Du kan til ei kvar tid gje oss beskjed via epost om du ikkje ynskjer å få slike nyhendeskiv frå oss.

Transportkomiteen og Kontrollkomiteen på Stortinget. Dei var på omreise i området og Industrikonsulenten møtte dei i ein minibuss på Trengereid.

Saman med ordføraren vil vi og freiste å få til eit møte om saka med Byrådsleiar, Finansbyråd og Byråd for byutvikling i Bergen.

## Bedriftsrådgeving og Etablererrådgeving/NAV

Det har sidan desember vore jamt tilsig av enkeltpersonar og grupper som ynskjer samtale og rådgeving om etablering av nye verksemdar.

Førespurnadane kan delast i to kategoriar.

Den eine kategorien er enkeltpersonar eller grupper som tidlegare har drive verksemdar og har erfaring, men som vil «utvide porteføljen» eller at dei ynskjer å starte heilt ny verksemd.

Den andre kategorien er enkeltpersonar eller grupper som ikkje nødvendigvis har drive verksemdar før. Nokre av disse kjem via NAV og ynskjer å søkje dagpengar under etablering. Industrikonsulenten er då den NAV Osterøy brukar til å gjere ei Næringsfagleg vurdering (eit krav) som så NAV brukar i sin vedtaksprosess.

Felles for begge gruppene er at Industrikonsulenten forsøker å informere om mellom anna val av selskapsform, moglegheiter for økonomiske støtte, andre organisasjonar som hjelper etablerarar, og verktøy for utvikling av forretningsplan og liknande.

## NOKUT sakkunnige for Fagskuleutdanning i Mekanisk Automatisering

Harald Jørgensen, Adjunkt ved Fagskolen i Hordaland er godkjent som sakkunnig i godkjenning av fagskuleutdanning i mekanisk automatisering. Marton Ulstein, Industrikonsulenten på Osterøy er i godkjeningsprosess som sakkunnig i same høve.

## Hospitering hos Fylkeskommunen

I veke 12, 2018 skal Industrikonsulenten hospitere hos Fylkeskommunen ved Seksjon for nærings- og lokalsamfunnsutvikling (saman med ny dagleg leiar i Vest Næringsråd). Fylkeskommunen er ein svært viktig institusjon og partner for industrilaget i mange forskjellige samanhengar, og det er derfor svært nyttig å få eit direkte innblikk i organisering, prosessar og liknande. Det er også eit godt høve til å knytte viktige kontakt med enkeltpersonar i fylkeskommunen. Fylket har også tilpassa det slik at dei legg seksjonsmøtet sitt til denne veka slik at Industrikonsulenten kan presentere Industrilaget og Industrikonsulenten for ein samla seksjon.

## Regionrådsleiermøte

Industrikonsulenten i regi av å vere sekretær for Osterfjorden Næringsssamarbeid (Osterøy, Modalen og Vaksdal) deltek på det faste Regionrådsleiermøte hos fylkeskommunen. Neste møte er sett til 12.mars.

## Generelle førespurnader (Truckførarkurs, arbeidsplass med lønstilskot frå NAV, foredrag osv.)

Det kjem frå tid til anna førespurnader av ulike slag som ikkje er mellom kjerneoppgåvene til Industrikonsulenten eller industrilaget. I den grad vi kan ha nyttig informasjon freistar vi likevel å hjelpe så godt vi kan. Men her er vi ofte begrensa til den informasjonen som tilfeldigvis tilflyt oss.

Som du har sett har LTS Maskin kome med tips om truckførarkurs. -Takk til LTS Maskin og Jan-David Antonsen som tok kontakt.

Industrikonsulenten vil oppmode medlemmar om å informere Industrikonsulenten om dei skulle kjenne til igangsetting av relevante kurs eller arrangement, eller kanskje nyttige linkar som også kan vere av interesse for andre medlemmar eller enkeltpersonar.

## Foredrag på Vestlandskonferansen for fagskulane

Etter førespurnad til Industrilaget frå Fagskulen i Hordaland har Bjørn Øvsthus (dagleg leiar i Mjøse Metallvarefabrikk) på oppmoding frå Industrikonsulenten sagt seg villig til å halde eit foredrag om «automatiserte verkstedsløsningar» på Vestlandskonferansen for Fagskoler som skal heldast på Fagskolen i Hordaland i mars.